



Kommunal- og regionaldepartementet
Postboks 8129 Dep.

0032 OSLO

Saksnr	Løpenr/Arkiv	Dykkar ref.	Avd/Saksansvarleg	Dato
2010/452	4206/2010 / 010		SER / KVAKAR	30.08.2010

MELDING OM VEDTAK

Høyring: Forslag til endringar i vallova

Formannskapet handsama i møte den 24.08.10 – sak 140/2010. Følgjande vedtak vart fatta:


Vanylven kommune viser til høyringsnotat av 31.05.10 om forslag til endringar i vallova og støttar dei føreslegne endringane.

Kommunen meiner vidare at det ikkje bør innførast endringar når det gjeld listekandidatar som medlemar av røystestyra.

Saksutgreiinga ligg ved til orientering.

Rett utskrift:

Vanylven kommune


Kåre Kvangarsnes
Konsulent



VANYLVEN KOMMUNE

SAKSFRAMLEGG

<i>Saksnr:</i> 2010/452	<i>Arkiv:</i> 010	<i>Avd/Saksansv:</i> SER/KVAKAR
----------------------------	----------------------	------------------------------------

Utvalsaksnr 140/2010	Utval Formannskapet	Møtedato 24.08.2010
--------------------------------	-------------------------------	-------------------------------

Høyring: Forslag til endringer i vallova

Tilråding:

Vanylven kommune viser til høyringsnotat av 31.05.10 om forslag til endringer i vallova og støttar dei føreslegne endringane.

Kommunen meiner vidare at det ikkje bør innførast endringer når det gjeld listekandidatar som medlemar av røystestyra.

Saksopplysningar:

Kommunal- og regionaldepartementet har sendt ut på høyring forslag til enkelte endringar i vallova; jfr. vedlagde utvalde sider frå høyringsnotatet. Heile høyringsnotatet på 100 sider som også inneheld evaluering av valet i 2009 er tilgjengeleg på departementet sine internettsider. Høyringsfrist er sett til 1. september.

Vurdering og konklusjon:

-Forslag om at ein kandidat kan be seg fritaken frå å stå på valliste ved kommunestyreval og fylkestingsval dersom vedkomande legg fram erklæring om at han/ho ikkje sympatiserer med vallista.

Departementet peikar på at eit sentralt element i valordninga er ombodsplikta. Dette inneber at den som vert nominert på ei valliste pliktar å stille til val, og å påta seg vervet, med dei pliktar og rettar dette medfører, dersom ein vert vald. Det er ikkje noko krav etter lova om at ein må gi sitt samtykke for verte nominert på ei valliste. Ein har nokre sterkt avgrensa reglar om unntak og fritak; jfr. vedlegg. Det vert vist til at reglane kan vere i strid med FNs konvensjon for sivile og politiske rettar og den europeiske menneskerettighetserklæringa på to punkt:

1. Plikta til å stille til val (og å måtte motta val) mot sin vilje.
2. Retten til krevje seg fritaken frå å stå på ei valliste dersom ein er medlem av eit politisk parti som ikkje står bak listeforslaget. Dette inneber at ein kan verte tvinga til å melde seg inn i eit parti, sjølv om ein ikkje ynskjer det.

Vi har forståing for forslaget og argumentasjonen om at ingen skal verte tvinga til å stå på ei valliste. Spørsmålet vert om mange vil søkje fritak frå å stå på vallistene når det no vert vesentleg lettare å få fritak. Kan det verte for lett å få fritak? Dersom dette forslaget vert vedteke, legg det eit stort ansvar på partia/vallistene til å nominere kandidatar som er spurde på førehand og har sagt ja til å verte oppførde på vallistene. Dette bør føre til at dei som står på vallistene er motiverte og villige til å ta på seg verv i lokalpolitikken. Samtidig kan ein stille spørsmål om ein i mindre kommunar får vanskar med å stille nok personar på listene og om det vert færre lister. Det vil i så fall vere negativt for demokratiet.

Totalt sett meiner vi at argumenta for forslaget er større enn argumenta mot forslaget.

-Forslag om at tidspunktet for innlevering av listeforslag vert sett til kl. 12. den 31. mars og tidspunkt for tilbakekalling av listeforslag vert sett til kl. 12 den 20. april.

I noverande regelverk er det ikkje sett noko klokkeslett. Det må då forståast slik at fristen går ut kl. 24.00 den 31. mars for innlevering av listeforslag. Vi synest at framlagd forslag er godt. Kl. 12.00 er eit godt tidspunkt då det ligg midt arbeidstida. Likeeins støttar vi også at same tidspunkt vert sett til tilbakekalling av listeforslag den 20. april.

I tillegg foreslår ein endring i vallova ved at laurdagar og heilagdaggar vert likestilte når det gjeld berekning av fristar etter lova. Når utgangspunkt for ein frist eller avslutninga av ein frist fell på desse dagane, vert fristen påfølgjande næraste kvardag. No gjeld dette berre for heilagdaggar. Dette er også eit fornuftig forslag som vi støttar.

-Forslag om at "Folkeregistermyndigheten" vert pålagde å lage eit "foreløpig manntall" pr. 1. april i valåret.

Dette vil vere til hjelp til å kontrollere kandidatar på listene. Ingen merknad.

Forslag om krav til forsegling av urner på valdagen. Dagens krav i valforskrifta til forsegling av valurner ved førehandsrøystinga vert føreslege fastsett i lov.

Vi tykkjer det er heilt naturleg at krav om forsegling av urnene både på valdagen og ved førehandsrøystinga kjem i inn vallova. Det vel heller underleg at det ikkje vore noko slikt krav - korkje i lova eller forskrifta – til urner nytta på valdagen.

I tillegg ynskjer departementet innspel om listekandidatar bør utelukkast frå val til røystestyra m.a. på grunnlag av OSSE-rapport som peikar på at interessekonfliktar kan oppstå. Det er godt mogleg at dette er problematisk i land med relativt nye skjøre demokrati der valfusk har vore ein del av den politiske orden/tradisjon. Med dei demokratiske tradisjonar og respekten for sjølve valet som vi har i Norge, kan vi ikkje sjå at det skulle vere grunnlag for å gjere endringar her, sjølv om vi forstår problemstillinga frå OSSE. Her i kommunen, som i mange kommunar i landet, er det vanleg at listekandidatar og sentrale politikarar utgjer ein en del av røystestyra. Dette er personar som har kunnskap om val, har forståing for det arbeidet som ligg i å avvikle val, og er sentrale ressurspersonar i lokalsamfunnet. Det fungerer godt og vi opplever det ikkje som problematisk.

Fiskåbygd, 13.08.2010

Gudmund Sandnes
rådmann

Kåre Kvangarsnes
konsulent